



NASJONALT  
TRYGGINGSORGAN

Nasjonalt tryggingsorgan – Årsrapport 2019

# Nye krav til tryggleik



NSM har i 2019 etablert Nasjonalt cybertryggleikssenter (NCSC) som ein del av verksemda. Vi har handtert om lag 5000 digitale hendingar manuelt det siste året. Statlege aktørar utgjer den største digitale risikoen mot viktige samfunnsfunksjonar og nasjonale tryggleiksinteresser.

# Innhald

|            |  |
|------------|--|
| <b>004</b> | <b>1 — Leiaren har ordet</b>   |
|            | Samfunn i endring – nye krav til tryggleik                                     |
| <b>008</b> | <b>2 — Introduksjon til verksemda og hovudtal</b>                              |
|            | Dette er Nasjonalt tryggingsorgan  |
|            | Utvalde nøkkeltal frå årsrekneskapen   |
| <b>014</b> | <b>3 — Aktivitetar og resultat i 2016</b>                                      |
| <b>016</b> | Hovudmål: Redusere sårbarheit i samfunnet                                      |
| <b>016</b> | Samla vurdering av resultatata, dei oppnådde måla og ressursbruken i 2019      |
| <b>016</b> | Delmål 1: Styrkt digital tryggleik   |
| <b>016</b> | Resultat   |
| <b>016</b> | Vurdering og ressursutnytting  |
| <b>016</b> | Utfordringar og risikoar   |
| <b>022</b> | Delmål 2: Styrkt objekt- og infrastrukturtryggleik                             |
| <b>016</b> | Resultat   |
| <b>016</b> | Vurdering og ressursutnytting  |
| <b>016</b> | Utfordringar og risikoar   |
| <b>024</b> | Delmål 3: Styrkt personelltryggleik  |
| <b>016</b> | Resultat   |
| <b>016</b> | Vurdering og ressursutnytting  |
| <b>016</b> | Utfordringar og risikoar   |
| <b>036</b> | <b>4 — Styring og kontroll i verksemda</b>                                     |
| <b>038</b> | Overordna utgreiing og vurdering av den interne kontrollen i NSM               |
| <b>038</b> | Den førebyggjande tryggleiken i NSM  |
| <b>038</b> | Vurdering av kvar det finst utfordringar i internkontrollen                    |
| <b>038</b> | Avdekte svake punkt, tiltak som er sette i verk, og effekten av tiltaka        |
| <b>038</b> | Inkludering i arbeidslivet, likestilling og tiltak mot arbeidslivskriminalitet |
| <b>040</b> | <b>5 — Vurdering av framtidsutsikter</b>                                       |
| <b>046</b> | <b>6 — Leiingskommentar til årsrekneskapen 2019</b>                            |
| <b>048</b> | Formål   |
| <b>048</b> | Stadfesting  |
| <b>048</b> | Vurderingar av vesentlege forhold  |
| <b>050</b> | Tilleggsopplysningar   |
| <b>051</b> | Prinsippnote til årsrekneskapen  |
| <b>052</b> | <b>7 — Løyvings- og artskontorrapportering med notar</b>                       |



Foto: Cecilie S. Andersen

# Samfunn i endring – nye krav til tryggleik

Den nye tryggingslova i Noreg tok til å gjelde frå 1. januar 2019. For Nasjonalt tryggingsorgan var dette ein ekstra inspirerende start på året, samtidig som forventingane frå alle verksemdene som skulle ta den nye lova i bruk, var høge. Den nye lova skal gi betre førebygging, avdekkje og motverke tryggleikstruande verksemd i eit samfunn som har endra seg mykje på dei snaue 20 åra sidan den førre tryggingslova blei utarbeidd. I dag blir det stilt nye og andre krav til trygging. Den nye lova gir høve til meir dynamisk tilpassing og vil kunne omfatte informasjonssystem, infrastruktur og objekt med sentral verdi for nasjonal trygging. Ho skal verke betre i eit samfunn med rask digital utvikling og stadig nye truslar. Den nye tryggingslova gjeld først og fremst for statleg, fylkeskommunal og kommunal verksemd, men kan òg gjelde private verksemdar som departementa har peika ut. Særleg aktuelle er dei verksemdene som behandlar tryggingsgradert informasjon, eller som rår over informasjon, informasjonssystem, objekt eller infrastruktur som har avgjerande verdi for grunnleggjande nasjonale funksjonar.

Med ny lov følgde òg behovet for å utarbeide nytt rettleingsmateriell, slik at verksemdene kunne følgje lova. Dette var eit omfattande arbeid som la stort press på fagavdelingane i NSM i første halvår av 2019. NSM arrangerte fleire nye kurs som var relevante for dei som blei omfatta av den nye tryggingslova – som kurs i risikovurdering og kurs i tryggingsvurdering for leiarar.

I kjølvatnet av ny tryggingslov flytta regjeringa forvaltingsansvaret for tryggingslova og det administrative ansvaret for oppfølging av Nasjonalt tryggingsorgan frå Forsvarsdepartementet (FD) til ministeren for samfunnstryggleik og beredskap i Justis- og beredskapsdepartementet (JD). Ansvaret for fagleg etatsstyring av NSM skal framleis vere delt mellom FD og JD.

I 2019 la NSM auka vekt på den risikoen som er knytt til innsideverksemd. Risikoen rettar seg mot Noreg som stat, mot offentlege styresmakter, næringsliv og private verksemdar. Alle typar verksemdar kan ha ein utru tenar som anten bevisst eller ubevisst rammar verksemda frå innsida. Vektlegginga av slik verksemd i NSM var årsaka til at vi i 2019 gav ut Temarapport Innsiderisiko, der vi beskriv kva innsideverksemd er, og korleis verksemdar kan vere sårbare for slik aktivitet. Rapporten inneheld òg råd om tiltak som ei verksemd kan setje i verk for å førebyggje, oppdage og handtere innsideverksemd.

I mars blei Hydro utsett for eit digitalt angrep med krav om løysepengar som ramma drifta deira over heile verda. NSM bidrog med rådgiving og kompetanse til Hydro i handteringa av hendinga. Hendinga fann



## FAKTA

### Kjetil Nilsen

**Stilling:** Direktør **Alder:** 59 år

Utdanna politi, jurist og har ein mastergrad i leiing. Han har òg befalsutdanning frå Forsvaret og NATO Defense College.

## «Ved å samle offentlege og private aktørar i Nasjonalt cybertryggingssenter legg vi til rette for å etablere eit felles risikobilete og ei felles situasjonsforståing ved truande hendingar.»

stad samtidig med at NSM arrangerte sin årlege – og no rekordstore – tryggingsskonferanse i Oslo kongressenter, med over 850 deltakarar.

Nasjonalt cybertryggingssenter (NCSC) på Oslo Havnelager opna 1. november. Senteret styrkjer den digitale trygginga i Noreg ved å samle kompetanse på éin stad, der privat-offentleg samarbeid står sentralt. I dette senteret er fleire av fagmiljøa i NSM innanfor cybertrygging samla – som rådgivingsmiljøet og NSM NorCERT. Forsvaret stiller med personell saman med andre offentlege verksemdar. I tillegg etablerte om lag 35 private verksemdar samarbeidsavtalar for å delta som partnarar i senteret.

Ved å samle offentlege og private aktørar i Nasjonalt cybertryggingssenter legg vi til rette for å etablere eit felles risikobilete og ei felles situasjonsforståing ved truande hendingar. Senteret gjer det dermed enklare for styresmaktene å koordinere innsatsen mot alvorlege digitale angrep som rammar breitt, og vi aukar dermed trygginga.

Felles cyberkoordineringssenter (FCKS) – eininga som skal lette samarbeidet mellom Politiets tryggingsteneste, Etterretningstenesta, Kripos og NSM – blei òg flytta til lokala hos NCSC i 2019. FCKS-samarbeidet starta i 2017 og har dermed vore i full drift i to år. Samarbeidet blei evaluert av deltakarane mot slutten av 2019, og evalueringa viser at samarbeidet fungerer godt.

Kryptoteknologi må brukast i alle samfunnssektorar, mellom anna for å støtte tryggleik i IKT-system, for å sikre personopplysningar, for å realisere offentlege, digitale tenester og for

å sørge for trygg, elektronisk kommunikasjon i næringslivet og i forvaltninga. Bruk av kryptoteknologi er avgjerande for å sikre tilliten til nye digitale tenester i samfunnet. Kryptoteknologi er òg i ferd med å opne for maskinlæring og kunstig intelligens på krypterte data. Dette vil vere interessant for fleire av utfordringane vi ser i dag med deling av sensitive og graderte data mellom ulike aktørar.

Regjeringa lanserte i 2019 ein ny kryptopolitikk som skal verne om den nasjonale trygginga og informasjonen om kvar og ein av oss. Kryptopolitikken skal sørge for at vi held på nasjonal kompetanse på feltet, og at vi er i stand til å møte utfordringane når kvantedatamaskiner gjer sitt inntog og alle tidlegare hemmelegheiter blir opne for dei som har dei rette ressursane. Med den nye kryptopolitikken fører regjeringa vidare prinsippet om at kryptoteknologi som vernar nasjonal høggradert informasjon, skal vere underlagd norsk kontroll.

For Forsvaret er ein nasjonal kryptoindustri under norsk kontroll viktig for å føre vidare den posisjonen Noreg har som kryptoleverandør til NATO. Denne viktige rolla har norsk kryptoindustri klart å halde på i NATO-samanheng i snart 60 år, og vi ønskjer å halde fram i førarsetet.



**Kjetil Nilsen**  
Direktør









# Dette er Nasjonalt tryggingorgan

Nasjonalt tryggingsorgan (NSM) er ei fag- og tilsyns- styresmakt som arbeider på tvers av sektorar innanfor den førebyggjande tryggingstenesta i Noreg. Direktoratet er òg nasjonal varslings- og koordineringsinstans for alvorlege dataangrep og andre hendingar innanfor IKT-tryggleik.

**NSM er ei EOS-teneste** (etterretnings-, overvakings- og tryggingsteneste). Noko informasjon om verksemda vil derfor ikkje kunne bli lagd fram i årsrapporten på grunn av reguleringar i tryggingslova. Denne informasjonen vil gå fram av verksemds- og resultatrapportane frå NSM til Justis- og beredskapsdepartementet.

**Trygging av riket og samfunnet:** Nasjonalt tryggingsorgan skal bidra til å verne om norsk suverenitet, den territoriale integriteten vår og den demokratiske styreforma vår gjennom å førebyggje, avdekkje og motverke tryggleikstruande verksemd.

*Vi utøver ansvaret i tråd med lov om nasjonal sikkerhet (tryggingslova), lov om oppfinnelser av betydning for rikets forsvar, samt forskrift om fotografering fra luften og kontroll av luftfotografier og opptaksmateriale fra luftbårne sensorsystemer.*

Opggåvene til NSM er mellom anna å rettleie og føre kontroll med verksemdar som er underlagde desse regelverka. NSM skal bidra til å utvikle tryggingstiltak og fastsetje krav til førebyggjande tryggingsarbeid. Vidare skal NSM gi informasjon, råd og rettleiing om førebyggjande tryggingsteneste for å byggje kompetanse hos verksemdene som er omfatta av tryggingslova. Vi gjer førehandskontroll gjennom tryggingsgodkjenningar, kontinuerleg kontroll og etterkontroll gjennom tilsyn. Vi er i tillegg nasjonal distribusjonsstyresmakt. Det vil seie at vi produserer, distribuerer, fører rekneskap og kontroll med kryptomateriell for vern av tryggleiksgradert informasjon. NSM er dessutan fagstyresmakt for arbeidet med tryggleiksklareringar i Noreg og har eit eige sertifiseringsorgan for IT-tryggleik i produkt og system (SERTIT).

Som nasjonal fagstyresmakt for IKT-tryggleik skal NSM støtte og bidra til utøvinga av det

ansvaret Justis- og beredskapsdepartementet og Forsvarsdepartementet har på IKT-tryggleiksområdet. Justis- og beredskapsdepartementet har samordningsansvaret for førebyggjande IKT-tryggleik i sivil sektor. Denne samordninga skal vi mellom anna gjennomføre ved å halde fram utviklinga av NSM som det nasjonale fagmiljøet for IKT-tryggleik i Noreg. Dette skal bidra til betre IKT-tryggleik i samfunnet og til å møte utviklinga mot eit stadig meir komplekst IKT-risikobilette.

Den digitale utviklinga har gjort alle delar av samfunnet vesentleg meir sårbare. Det påverkar ansvarsområda våre. NSM varslar om og koordinerer handteringa av alvorlege dataangrep mot avgjerande infrastruktur og viktige samfunnsfunksjonar gjennom Nasjonalt cybertryggingssenter (NCSC).

Vi er alle avhengige av digitale system som fungerer. Trygging utfordringane omfattar alle nivå i samfunnet, frå vern av PC-ane, mobiltelefonane og nettbretta til enkeltpersonar til vern av system som er avgjerande for viktige samfunnsfunksjonar.

NSM skal utvikle, halde ved like og kontinuerleg formidle eit heilskapleg IKT-risikobilette. Dette omfattar risikoforhold for statleg tryggleik, samfunnstryggleik og tryggleik for individet. NSM skal identifisere og føreslå tiltak for å betre tryggleikstilstanden, gi råd og fremje forslag til nasjonale krav på området.

Den nye tryggingslova gjer det mogleg for oss å hente inn eit betre og breiare informasjonsgrunnlag for å vurdere tryggleikstilstanden i Noreg. NSM arbeider med å vidareutvikle metodar for analyse og styrkje datagrunnlaget for å kunne framstille tryggleikstilstanden i Noreg på ein meir nyansert og presis måte.



Folk flest er viktige for tryggleiken i samfunnet. Det er heilt vanlege folk som sørgjer for at dei sjølve og andre er trygge på arbeidsplassen, som behandlar sensitiv informasjon, datamaskiner, mobiltelefonar og nettbrett, og som bidreg til god tryggleikskultur. I kva grad vi er bevisste på tryggleiken – som leiar, kollega eller privatperson – påverkar både tryggleiken til riket, tryggleiken i samfunnet og vår eigen tryggleik. Derfor er vi opptekne av å gjere heile samfunnet meir bevisste på tryggleik, i samarbeid med andre offentlege og private aktørar.

#### Grenseflater

Ansvar til NSM som direktorat går på tvers av sektorar, og vi har grenseflater mot og samarbeid med ei rekkje ulike aktørar, mellom andre

- ▷ Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit (Nkom), Finanstilsynet, Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) og ei rekkje andre sektorstyresmakter
- ▷ Politiets tryggingsteneste, Etterretnings-tenesta og Kripos
- ▷ Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB)

**«Det er heilt vanlege folk som sørgjer for at dei sjølve og andre er trygge på arbeidsplassen, som behandlar sensitiv informasjon, datamaskiner, mobiltelefonar og nettbrett, og som bidreg til god tryggleikskultur.»**


- ▷ Digitaliseringsdirektoratet (Digdir) i samband med IKT-tryggleikstiltak på tvers av sektorar i statsforvaltinga

Det er verksemdene sjølve som har primæransvaret for eigen tryggleik. Forsvaret er ei av dei største verksemdene vi samarbeider med, og vi samarbeider òg nært med store private selskap som mellom anna eig avgjerande infrastruktur. □

#### Utvalde nøkkeltal frå årsrekneskapen


| Nøkkeltal frå årsrekneskapen 2015–2019* | 2019        | 2018        | 2017        | 2016        | 2015        |
|---|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Talet på årsverk                        | 276         | 271         | 253         | 232         | 218         |
| Talet på tilsette                       | 289         | 289         | 293         | 249         |             |
| Samlet tildeling post 01-99             | 313 238 000 | 302 782 000 | 289 431 000 | 266 391 000 | 246 870 613 |
| Utnyttelsesgrad post 01-29              | 94,8 %      | 98,8 %      | 99,6 %      | 98,4 %      | 98,5 %      |
| Driftsutgifter                          | 396 672 757 | 358 017 017 | 322 790 157 | 291 558 158 | 267 380 469 |
| Lønnsandel av driftsutgifter            | 59,1 %      | 66,2 %      | 66,2 %      | 57,0 %      | 61,4 %      |
| Lønnsutgifter pr. årsverk               | 849 769     | 874 506     | 853 424     | 741 433     | 742 779     |

\* Frå 2019 går FoU via belastingsfullmakt, og det er ikkje teke omsyn til fullmakter frå og med 2019. Tal er i dåverande kroneverdiar.



276

Antall årsverk har økt fra 218 i 2015, til 276 i 2019.



# Aktivitetar og resultat i 2019

# **Hovudmål: Redusere sårbarheit i samfunnet**

**Samla vurdering av resultata, dei  
oppnådde måla og ressursbruken i 2019**



Nasjonalt tryggingsorgan har rolla som tryggingsorgan etter tryggingslova og har derfor eit ansvar for å redusere sårbarheit i samfunnet. NSM er òg sektortilsyn etter tryggingslova i justis- og forsvarssektoren.

NSM skal halde ved like eit heilskapleg risikobilete innanfor førebyggjande trygging, medrekna digital trygging, levere relevante produkt og rapportere årleg om tryggingshøva. I dette ligg det òg at NSM skal samordne verksemda si mot Forsvaret og jamleg øve på handtering av alvorlege angrep mot avgjerande IKT-system på tvers av sektorar.

NSM skal stå for forskning og utvikling på sitt ansvarsområde, og gjennom faglege analysar og relevante datagrunnlag bidra til at departementa har eit godt avgjerdsgrunnlag for politikktutvikling innanfor førebyggjande trygging. I 2019 støtta NSM Justis- og beredskapsdepartementet med utvikling av ny *Nasjonal strategi for digital sikkerhet* (publisert 30. januar 2019) og *Rammeverk for digitale verdikjeder*.

Hovudutfordringa for NSM i 2019 var å tilpasse leveransane til ny tryggingslov med rettleingar. Det nye regelverket førte med seg nye oppgåver både for NSM og for verksemdene som er omfatta av lova.

Tre særlege prioriteringar var førande for aktivitetane i NSM i 2019:

- ▷ rådgiving og opplæring i førebyggjande trygging og tryggingsstyring i særleg utsette verksemdar
- ▷ digital trygging, kryptoutvikling og bidrag til å halde nasjonal kryptokompetanse ved lag
- ▷ avdekking, analyse og koordinering av handteringa av alvorlege digitale angrep mot digital infrastruktur

NSM gjennomførte derfor omfattande rådgivings- og opplæringsaktivitetar i 2019, jf. faktaboksen. I tillegg til handbøker og rettleingar publiserte NSM innføring i ny tryggingslov på nettsida si, hadde omfattande føredragsverksemd – både i departementa og i andre forum med verksemdar som lova gjeld for eller kan komme til å gjelde for – og heldt opne seminar i Trondheim, Stavanger, Bergen, Tromsø og Oslo. Kursporteføljen blei òg oppdatert og utvida. Det var stor etterspurnad etter rådgiving og opplæring frå NSM. Regelverket kan vere vanskeleg å forstå, og rådgivingstenesta frå NSM er sentral for å byggje kompetanse i verksemdene.


Arbeidet med styrkt nasjonal digital trygging i 2019 var prega av at NSM oppretta *Nasjonalt cybertryggleikssenter* (NCSC) på Langkaia i Oslo i november. Senteret er éin av fleire arenaer der NSM deler trusselinformasjon med relevante aktørar. Senteret fyller rolla som nasjonal responsfunksjon og yter omfattande rådgiving til partnerar i offentleg og sivil sektor. Senteret handterte ei stor mengd hendingar i 2019, jf. omtalen under delmål 1. Nokre av hendingane var av svært langvarig og alvorleg karakter og desse er òg nærare omtalte under delmål



#### FAKTA

### Kurs frå NSM i 2019


I 2019 hadde NSM 1000 deltakarar på ulike kurs. Dette utgjorde ei dobling av talet på kursdeltakarar samanlikna med året før.



## «Innovasjon, samhandling, kontinuerleg forbetring og utvikling av digitale løysingar var – og er – sentrale verkemiddel for å løyse samfunnsoppdraget.»

1. NSM er nøgd med å ha oppretta NCSC og med verksemda til senteret så langt, og vi ser at behovet for funksjonane og tenestene til senteret ikkje vil bli mindre i åra framover.

Utover det som er nemnt om særskilde prioriteringar for 2019, har NSM òg styrkt objekt- og personelltryggleiken gjennom tiltaka det står meir om under dei tre delmålsoverskriftene. Mellom anna kan vi trekkje fram arbeidet med å digitalisere klareringsprosessen og å utvikle verktøy for heilskapleg oversikt over status innanfor objekt- og infrastrukturtryggleik.

Samla sett er NSM nøgd med resultatane i 2019 og løftet i samband med ny tryggingslov. Innovasjon, samhandling, kontinuerleg forbetring og utvikling av digitale løysingar var – og er – sentrale verkemiddel for å løyse samfunnsoppdraget og nå måla våre og dei særskilde prioriteringane. NSM leverer mange høgt kompetente tenester som er etterspurde av mottakarane, og det er heilt naturleg at tilbodet ikkje kan halde tritt med all etterspurnaden. Derfor er det viktig å kanalisere rettleiinga frå éin til mange, byggje opp eigenkompetansen i målgruppene, effektivisere så mange tenester som mogleg og prioritere funksjonar som er avgjerande for samfunnet, og alvorlege hendingar. Dette la NSM vekt på i 2019, og vil òg leggje vekt på det i 2020. 



### FAKTA

#### Publikasjonar frå NSM i 2019

I 2019 publiserte NSM desse nye ugraderte rettleiingane og handbøkene:


- Veileder i departementenes identifisering av grunnleggjende nasjonale funksjoner
- Veileder i sikkerhetsstyring
- Veileder i verdivurdering av informasjon
- Veileder i personellsikkerhet
- Veileder i fysisk sikkerhet
- Veileder i håndtering og beskyttelse av sikkerhetsgradert informasjon
- Veileder for godkjenning av informasjonssystem
- Veileder for virksomheters håndtering av uønskede hendelser
- Veileder for tilsyn med forebyggjende sikkerhetsarbeid
- Håndbok i skadevurdering
- Håndbok i innsyn i klareringssaker

Grunnprinsippa for IKT-tryggleik blei først utarbeidde i 2017. Dei nye grunnprinsippa for tryggleik som NSM utvikla i 2019, handla om

- fysisk sikring
- personelltryggleik
- tryggleiksstyring
- IKT-tryggleik (versjon 2.0)

Dei nye grunnprinsippa er venta å vere klare til publisering i første del av 2020.





## Delmål 1: Styrkt digital tryggleik

**Delmål 1: Styrkt digital tryggleik**

NSM har ansvaret for at det førebyggjande tryggingsarbeidet på tvers av sektorar og innanfor verksemdene skjer i samsvar med tryggingslova. NSM skal vidare støtte Justis- og beredskapsdepartementet og Forsvarsdepartementet i det ansvaret dei har for digital trygging både innafør og utanfor tryggingslova. NSM skal først og fremst medverke til stats- og samfunnstryggleik, og støtte den operative evna til Forsvaret. Den digitale tryggleiken i samfunnet skal styrkjast. NSM skal leggje systematisk og heilskapleg vekt på digital tryggleik, og vi skal styrkje og vidareutvikle arbeidet med førebygging, handtering og kontroll. NSM skal mellom anna etablere og vedlikehalde eit nasjonalt IKT-risikobilete som synleggjer dei største utfordringane på dei ulike nivåa i samfunnet.

**Resultat**

**Råd og rettleiing:** NSM bidrar til å støtte opp om andre si evne til å sikre seg sjølve gjennom tilrådde tryggleikstiltak, råd og rettleiingar. Dette omfattar mellom anna grunnprinsippa NSM har utvikla for IKT-tryggleik og førebyggjande sikringstiltak innanfor krypto, virtualisering og teknisk tryggleik.

For å sikre funksjonar som er avgjerande for samfunnet, har NSM òg gitt støtte til arbeidet i Justis- og beredskapsdepartementet og laga rettleiingar for enkel og effektiv grunnsikring av IT-system. I samband med innføringa av ny tryggingslov i 2019 har NSM òg arbeidd med handboka «Beskyttelse av skjermingsverdige ugraderte informasjonssystemer», som blir publisert tidleg i 2020.

**Grunnprinsipp for IKT-tryggleik:**

Grunnprinsippa er eit viktig grunnlag for rådgivingsverksemda til NSM. Prinsippa inkluderer sikker plattform, sikker drift, sikkert vedlikehald og sikker handtering.

Dei er laga slik at ein kan utvikle dei vidare dynamisk i takt med utviklinga i risikobiletet og den teknologiske utviklinga. Dei blei først lanserte i 2017 og blei tekne svært godt imot. Den svenske styresmakta for sivil beredskap (MSB) har omsett grunnprinsippa til svensk og ønskjer å gjere dei til offisielle råd. I 2019 er «Grunnprinsipper for IKT-sikkerhet» versjon 2.0 utvikla, og dei vil bli lanserte i 2020.

**Førebyggjande sikringstiltak:** NSM jobbar med forskning på og utvikling av førebyggjande sikringstiltak i tråd med Nasjonal strategi for digital sikkerhet. Gjennom 2019 har NSM halde fram arbeidet med å støtte og hjelpe Forsvaret i ei rekkje prosjekt som skal utvikle produkt for å stå imot alvorlege truslar og utvikle førebyggjande tryggleikstiltak. I den same perioden har NSM òg brukt ressursar på støtte til norsk kryptoindustri. Vidareutvikling av kryptologifeltet er eit særleg viktig område. NSM ser òg på kva moglegheiter som ligg i ny teknologi.

**Faglege bidrag til utgreiingar og meldingar:**

NSM har i løpet av 2019 levert ei rekkje underlag med tiltak for å redusere digitale sårbare punkt til dei styrande departementa våre. Risiko 2019 blei levert i mars, og rapporten «Helhetlig digitalt risikobilde» blei levert i september. Desse rapportane gir samla og kvar for seg unik innsikt i tryggleikstilstanden i Noreg. I tillegg har NSM levert tryggleiksrapportar til departementa kvar veke. Rapportane inneheld korte oppsummeringar av dei alvorlegaste hendingane i rapporteringsperioden.

NSM har i 2019 vore med i fleire arbeid og utgreiingar med støtte til avgjerder på nasjonalt nivå, mellom anna til arbeidet med forskrift for kryptotryggleik og arbeidet med ein nasjonal strategi for digital tryggleik. I sistnemnde bidrog NSM med ressursar for å utvikle strategien, og vi hadde redaktøransvaret for tiltaksoversikta. NSM har òg støtta



«Då Hydro blei utsett for dataangrep i mars 2019, var NSM ein av dei aller viktigaste samarbeidspartnarane våre. Det kjendest trygt å stå saman med NSM då vi plutseleg stod i ein situasjon som vi aldri før hadde stått i, og som vi ikkje hadde oversikt over eller erfaring med korleis vi skulle handtere.»

*Inger Sethov, kommunikasjonsdirektør i Hydro*

DSB i arbeidet med å sjå på risikostyring i digitale verdikjeder, og vi har vore med i ei arbeidsgruppe leidd av Difi om etablering av beste praksis for metode og utarbeiding av krav til informasjonstryggleik i IKT-innkjøp. NSM har òg vore med i arbeidet med informasjonstryggleik i styringsdialogen som er leidd av DFØ. I tillegg kjem annan relevant aktivitet, som mellom anna omfattar faglege bidrag som presentasjonar, orienteringar og referansegrupper.

**Nasjonalt cybertryggleikssenter:** NSM har i 2019 etablert Nasjonalt cybertryggleikssenter (NCSC) som ein del av verksemda vår. Gjennom NCSC tek NSM hand om den nasjonale responsfunksjonen vår. I dette inngår varsling og informasjonsdeling, oppdaging, behandling og støtte knytt til digitale hendingar, analyse av digitale hendingar og rådgiving og utvikling av tiltak. Senteret skal leggje til rette for auka deling av informasjon og auka samarbeid offentleg–privat og sivilt–militært. Her sit partnarane til NSM frå styresmakter, etatar, sektorresponsmiljø og ein del viktige private verksemdar. Vidare har NSM fått i oppdrag å etablere og halde ved like eit nasjonalt situasjonsbilete for det digitale rommet, og dette er noko vi vil leggje særleg vekt på framover.

**Digitale hendingar:** NSM har handtert om lag 5000 digitale hendingar manuelt det siste året. Dette er saker der vi har vore involverte i handtering i samarbeid med dei påverka verksemdene. Vidare fekk vi inn ei rekkje

hendingar som fekk automatisert behandling. Desse hendingane handlar i hovudsak om mindre alvorlege avvik og anomalitetar.


Hendingar som blir vurderte som alvorlege, blir handterte parallelt og kan ha lang handteringstid. Ofte er det snakk om veker og månader. Sakskompleksa kan vere svært omfattande, og dei fleste av desse sakene dreier seg om spionasje der trusselaktøren kan knytast til andre statar.

NSM vurderer at statlege aktørar utgjer den største digitale risikoen mot viktige samfunnsfunksjonar og nasjonale tryggleiksinteresser.

Felles cyberkoordineringssenter: FCKS er ein koordineringsmekanisme mellom EOS-tenestene og Kripos som blei oppretta i 2017,

#### FAKTA

### Antall hendingar vi handterte i 2019



**FAKTA****Kva er VDI?**

Varslingssystemet for digital infrastruktur er sett saman av sensorar som blir plasserte i nettverket til nokre av dei største og viktigaste private og offentlege verksemdene i Noreg. NSM overvaker datatrafikken og bidreg til å verne verksemdene mot dataangrep og industrispijasje.



og som har som formål å styrkje den nasjonale evna til effektivt forsvar mot og handtering av alvorlege hendingar i det digitale rommet. FCKS er etablert som eit permanent og samlokalisert fagmiljø som omfattar faste representantar frå NSM, Etterretningstenesta (E-tenesta), Politiets tryggingsteneste (PST) og Kripos, og det er leidd av NSM. Ei evaluering i 2019 viser at samarbeidet i FCKS fungerer godt.

**Varslingssystem for digital infrastruktur:**

Varslingssystemet for digital infrastruktur (VDI) skal bidra til å sikre nasjonal handlefridom i det digitale rommet gjennom tidleg varsling av digitale angrep, og det skal støtte både militær og sivil sektor. Dagens VDI-løysing har gjennom snart tjue år stadfesta evna vår til å oppdage målretta digitale angrep utan at det har gått ut over personvernet. Deltakartalet i sensornettverket heldt fram med å auke i 2019. NSM tok i 2019 over prosjektansvaret for prosjekt 2950. Prosjektet skal mellom anna modernisere det nasjonale varslingsystemet for digital infrastruktur. Prosjektet arbeider

etter ei såkalla iterativ tilnærming, slik at vi kan ta i bruk resultatata etter kvart. Dette er i tråd med måten trusselaktørane utviklar sine angrepsmetodar i det digitale rommet på.

**Allvis NOR:** NSM tilbyr ei teneste for kartlegging av sårbare punkt på internett, Allvis NOR. I 2019 er systemet utvikla vidare med nye automatiske undersøkingar, automatisk rapportering av tilgjengelege tenester og fleire nye deltakarar. Ved utgangen av 2019 har tenesta over 200 deltakarar som får varsel når det blir oppdaga kritiske sårbare punkt. Slike sårbare punkt blir avdekte og varsla jamleg. Tilbakemeldingane frå deltakarane er svært gode.

**IKT-tilsyn:** NSM har dei siste åra arbeidd med digitalisering av IKT-tilsyn. I 2019 blei eit digitalt verktøy for vurderingar av sårbare punkt med utgangspunkt i grunnprinsippa for IKT-tryggleik og andre kjende IKT-tryggleiksstandardar ferdig. Tilsynspersonellet i NSM skal ta i bruk verktøyet og gjere det tilgjengeleg for sektortilsyna.

NSM held òg fram arbeidet med etablering og vidareutvikling av ein arena for informasjonsutveksling og kompetanseoverføring mellom sektortilsyn. Arbeidet er knytt tett saman med krava om samhandling i den nye tryggingslova.

**Vurdering og ressursutnytting**

Behovet for vidare utvikling av førebyggjande digitale tryggleikstiltak er framleis stort i ▶

## «Vi hadde eit svært godt samarbeid med NSM. NSM gav gode råd og var både opne og kompetente i situasjonen.»

**Gunn Kristin Sande, kommunikasjonsdirektør, Helse Sør-Øst RHF**

2019. Rekruttering, opplæring og prioritering av tiltak på strategisk viktige område har gitt god effekt, slik at stoda alt i alt har utvikla seg i positiv retning.

Etterspurnaden etter IKT-rådgiving aukar både frå verksemdar og sektorar. Det er òg stor etterspurnad etter NSM som deltakar i eksterne prosjekt. Det har vist seg å vere utfordrande å tilfredsstillere etterspurnaden fullt ut. Innanfor IKT-rådgiving har vi styrkt arbeidet med å gi strategisk og teknologisk rådgiving til funksjonar som er viktige og avgjerande for samfunnet.

Arbeidet med å kvalifisere kommersielle leverandørar for handtering av hendingar og for digitale tryggleikstenester har resultert i at tre verksemdar er kvalifiserte. Arbeidet vil halde fram framover.

### Utfordringar og risikoar

Det er mange uønskte hendingar mot informasjonssystem i Noreg, og utviklinga viser at dei mest alvorlege digitale sakene er meir komplekse, sofistikerte og krevjande enn tidlegare.

Kontroll- og oppfølgingstiltak viser at verksemdene varierer i kor stor grad dei klarer å innføre dei tilrådde tryggleikstiltaka, og vi ser at større verksemdar ofte har ressursar og kapasitet til betre tryggleiksarbeid enn mindre verksemdar.

Det er òg stor variasjon i modningsgrad hos

verksemdar som NSM har hjulpet, og det gjer at det tidvis er utfordrande å kommunisere risikoen ved digitale hendingar til desse verksemdene på ein måte som gjer at dei får nødvendig situasjonsforståing. NSM har i fleire år gitt ut rapporten «Helhetlig digitalt risikobilde» for å betre situasjonsforståinga, og vi har ein ambisjon om å etablere eit kontinuerleg oppdatert situasjonsbilde i det digitale rommet, slik at vi kan skape betre kontinuerleg situasjonsforståing. Ei slik situasjonsforståing vil mellom anna bidra til eit betre avgjerdsgrunnlag for styresmaktene. □

### FAKTA

## Inntrengingstesting

Inntrengingstestingspersonellet i NSM gjennomfører kontrollerte dataangrep og fysisk inntrenging mot kritisk infrastruktur og grunnleggjande nasjonale funksjonar på viktige område som forsvar, samferdsel og justissektoren.

Formålet er å avdekkje sårbare punkt før trusselaktørane utnyttar dei, og gi råd om tiltak som betrar tryggleiken. Dette bidreg til å auke tryggleiken til borgarane og til å sikre demokratiske verdiar og samfunnet mot spionasje, sabotasje, terror og andre hybride truslar.

I 2019 fekk NSM innvilga styrkingsmidlar for å styrkje denne kapasiteten, og vi er no i gang med opplæring og sertifisering av nytt personell.









## **Delmål 2: Styrkt objekt- og infrastrukturtryggleik**

NSM skal medverke til å redusere risikoen mot skjermingsverdige objekt og infrastruktur slik at vi får færre menneskelege, tekniske og organisatoriske sårbare punkt. NSM skal støtte den operative evna til Forsvaret.

Objekt- og infrastrukturtryggleiken i samfunnet skal bli styrkt av at NSM gir informasjon, råd og rettleiing. Vidare skal objekt- og infrastrukturtryggleiken bli styrkt av at NSM fører tilsyn for å medverke til at krava til val, klassifisering og sikring av objekt og infrastruktur i tryggingslova blir teken hand om på rett vis av sektorar og verksemdar, inkludert plikta til tilrettelegging for sikringsstyrkar. NSM skal medverke til at Justis- og beredskapsdepartementet og Forsvarsdepartementet får ei heilskapleg oversikt over statusen for objekt- og infrastrukturtryggleiken på strategisk nivå.

### Resultat

**Rådgiving:** I 2019 handla arbeidet til NSM for styrkt objekt- og infrastrukturtrygging mykje om å utvikle og publisere nytt rettleiingsmaterieill, nye grunnprinsipp for tryggleik, nye kurs og anna type rettleiingsverksemd som var knytt til den nye tryggingslova, jf. faktaboksen om publikasjonar frå NSM.

NSM utvikla og heldt ein del nye kurs om objekttryggleik i 2019 – sjå òg faktaboksen om kurs frå NSM. Desse nye kursa handla om objekttryggleik:

- ▷ identifisering av grunnleggjande nasjonale funksjonar
- ▷ skadevurdering
- ▷ tryggleiksleiing
- ▷ fysisk tryggleik
- ▷ risikovurdering
- ▷ grunnkurs i førebyggjande tryggleik

NSM har òg gitt enkeltråd og rettleidd større verksemdar og departement.

**Grunnleggjande nasjonale funksjonar:** Som følge av ny tryggingslov skal departementa identifisere grunnleggjande nasjonale

funksjonar i sin sektor, med tilhøyrande objekt og avhengnader. Dette er ein omfattande prosess. NSM støtta JD, FD, politiet, Forsvaret og andre departement og verksemdar direkte med å identifisere grunnleggjande nasjonale funksjonar og avhengnaden mellom dei, og med å gjere skadevurdering, risikovurdering og verdivurdering. I samband med dette arbeidet etablerte NSM ei grunnleggjande digital løysing for heilskapleg oversikt over status innanfor objekt- og infrastrukturtryggleik med avhengnader. NSM ventar at dette arbeidet vil strekkje seg inn i 2020 og vidare framover.

**Tilsyn:** Det er i 2019 gjennomført til saman fem tilsyn med objekt- og infrastrukturføresegnene i tryggingslova, og det er inngått samarbeidsavtalar med to sektortilsyn som skal gjennomføre tilsyn etter tryggingslova: Noregs vassdrags- og energidirektorat og Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit.

NSM utviklar for tida eit nytt produkt: *Kontroll av nasjonal tryggleik*. Dei underleggjande strukturerte og objektive data i prosjektet skal bidra til betre analyse og betre samanlikningar over tid. Produktet er på sikt venta å betre den evna NSM har til å rapportere om funn frå tilsyn med objekt- og infrastrukturtryggleik.

### Vurdering og ressursutnytting

Fagområdet fekk ressursar gjennom intern personellflytting og nyrekrutteringar. Ressursane blei hovudsakeleg nytta til å setje i verk nytt regelverk, og effekten av dette har vore god. I året som kjem, ventar vi òg noko auka kapasitet til rådgiving og til vidare utvikling av digitale verktøy.

### Utfordringar og risikoar

Det vil kunne ta noko tid før det nye regelverket blir rett etablert og etterlevd i verksemdene. Vi må nok derfor vente noko variasjon når det gjeld etablering av forsvarleg tryggingsnivå. Råd, rettleiingsmaterieill og kursaktivitetar frå NSM er venta å medverke til betre forståing av krava i det nye lovverket. □



## **Delmål 3: Styrkt personelltryggleik**

Justis- og beredskapsdepartementet etablerte i 2018 den nye sivile klareringsstyresmakta i Moss. NSM støtta i utstrek grad denne etableringa gjennom både fagleg, praktisk og teknisk bistand. Omlegginga av klareringsstyresmaktstrukturen gir større profesjonalitet og sterkare fagmiljø, og ein positiv innverknad på rettstryggleiken til den enkelte.

Vi i NSM skal styrkje rolla vår som nasjonal fagstyresmakt for personelltryggleik for å sikre at dei nye klareringsstyresmaktene er best mogleg stilte til å handtere ansvaret og oppdraget sitt, og for å bidra til eit høgt fagleg nivå hos aktørane i personelltryggleiksarbeidet. Personar som kan utgjere ein tryggleiksrisiko, skal ikkje bli plasserte slik at risikoen blir aktualisert. I tillegg vil vi oppnå likebehandling i og mellom klareringsstyresmaktene. NSM skal òg støtte den operative evna til Forsvaret.

**«Personar som kan utgjere ein tryggleiksrisiko, skal ikkje bli plasserte slik at risikoen blir aktualisert.»**

#### Resultat

**Fagstyresmakt:** I 2019 blei personelltryggleiken i samfunnet styrkt gjennom at NSM mellom anna støtta det behovet klareringstyresmaktene har for effektiv sakshandsaming. NSM utvikla nye metodar og nyvinningar og

drifta IT-støtta til klareringsstyresmaktene. NSM har òg oppretta ein samhandlingsportal der klareringsstyresmaktene kan melde inn behov for brukarstøtte og endringsønske. Portalen bidreg til meir effektiv behandling av brukarstøttehendingar og betre oversikt over behova til klareringsstyresmaktene. NSM har òg vidareutvikla eit elektronisk kompetansekonsept (KM-portalen) for å dekkje behova til klareringsstyresmaktene.

NSM har arbeidd for likebehandling i og mellom klareringsstyresmaktene gjennom å arrangere fleire samhandlingsforum der instansane deltok. Slik sørjde vi for god informasjonsutveksling mellom instansane. Det er òg etablert og publisert eit erfaringsarkiv med relevante klareringssaker. I samband med dette arbeidet har NSM, i samråd med klareringsstyresmaktene, utvikla ein prosess for lik saksbehandling i og mellom instansane.

I 2020 skal NSM framleis støtte klareringsstyresmaktene og sørjde for effektiv saksbehandling. Utviklinga vil særleg bli knytt til prosjektet *Digitalisering av klareringsprosessen* som klareringsstyresmaktene vil bli involvert i.

**Råd, rettleiing og kurs:** I 2019 har NSM styrkt personelltryggleiken gjennom råd, rettleiing og kurs for klareringsstyresmakter, autorisasjonsansvarlege og andre prioriterte aktørar. I 2019 er det mellom anna gitt ut ein temarapport om innsiderisiko og ei rettleiing i personelltryggleik. NSM har gitt råd til ulike organisasjonar for å redusere risikoar som gjeld innsideverksemd. NSM har òg gjennom andre tiltak vore med på å auke forståinga for den potensielle risikoen for innsideverksemd. Tiltaka er relevante for offentlege organ, akademia, næringslivet og andre private verksemd, målet er at dei skal gjere verksemd og enkeltpersonar meir motstandsdyktige mot innsidetrusselen. ▶

NSM heldt både opne og skreddarsydde kurs om temaet i 2019. Vi ser at det er stor etterspurnad etter rettleiarane våre og rådgiving frå oss, og at dette er helt sentrale element for å byggje opp kompetanse.

**Klareringsarbeid:** NSM utførte sitt eige klareringsarbeid med lite etterslep i 2019. Saksbehandlingstida for nasjonal personkontroll og tryggleiksklarering var i tråd med måla for saksbehandling. Til dømes var gjennomsnittleg saksbehandlingstid for nasjonal personkontroll 4,5 dagar. Det har vore noko lengre saksbehandlingstid for klagesaker i andre instans enn vi hadde mål om. Det kjem mellom anna av at det nye regleverket er meir fleksibelt, og det skaper fleire vurderingsmoment og meir innhenting av informasjon.

#### **Vurdering og ressursutnytting**

Det blei i 2017 gjort ei omorganisering for å betre styringa av oppgåver og ressursbruk innanfor personelltryggleik, og for redusere tida som går med til behandling av klagesaker. Erfaringane frå 2018 og 2019 viser at denne omorganiseringa var vellykka. Det er betre styring av ressursane, og kapasiteten blir betre utnytta.

NSM har etablert ulike samarbeidsarenaer for klareringsstyresmaktene. Målet er å sikre god informasjonsflyt, større grad av likebehandling av saker og gode faglege diskusjonar.


#### **Utfordringar og risikoar**

NSM ser at det er knytt uvisse til kor mange klagesaker vi kan vente – på grunn av både nytt regelverk og ny struktur for klareringsstyresmaktene.

Det går òg føre seg eit digitaliseringsarbeid av klareringsprosessen. Effektane av dette er venta å bli synlege i løpet av perioden 2020–2021. □

**«Saksbehandlingstida for nasjonal personkontroll og tryggleiksklarering var i tråd med måla for saksbehandling. Til dømes var gjennomsnittleg saksbehandlingstid for nasjonal personkontroll 4,5 dagar.»**







# Styring og kontroll i verksemda

### Overordna utgreiing og vurdering av den interne kontrollen i NSM

Arbeidet med innføring av ny tryggingslov med forskrifter har prega 2019 i NSM. Overgangen til den nye tryggingslova med forskrifter er ein avgjerande suksessfaktor som er tett knytt til alle delmåla til NSM og hovudmålet om å få færre sårbare punkt i samfunnet. NSM har i 2019 prioritert å styrkje kapasiteten til å utarbeide rettleiingar og til å utvikle kurscenteret som hovudkanalen for opplæring på feltet. Internt har NSM òg gjennomført ein omfattande strategiprosess for å sikre at strategien til NSM reflekterer krav, forventingar og moglegheiter i den ny tryggingslova.

NSM har i tillegg gjennomført ei omorganisering i 2019 som er tilpassa til ny strategi, nye krav og nye forventingar til NSM. Fleire forhold som NSM Internrevisjon (IR) peikte på i 2018, er tekne opp i arbeidet med strategi og omorganiseringa.

Det blir arbeidd med å oppdatere og gjere styrende dokument tilgjengelege i samsvar med den nye strategien. Dette arbeidet vil halde fram i 2020.

Styringsmodellen til NSM illustrerer verksemdsstyringa som ein gjentakande syklus med fleire fasar rundt dei strategiske og operative styringsdokumenta og resultatkjeda i NSM. NSM IR opplever at styringssystemet er godt etablert på overordna nivå, og at NSM legg vekt på kontinuerleg erfaringsbasert utvikling.

NSM har ei eiga stilling til internkontroll, og dette bidreg til utvikling av ei meir systematisk tilnærming til og vektlegging av dette området. Internrevisjonen i NSM har i oppdraga sine ikkje identifisert uakseptabel risiko som ikkje har blitt handtert av NSM.

**Den førebyggjande tryggleiken i NSM**  
Retningslinjene for risikostyring er

formaliserte, men dei treng oppdatering. Risikostyringa er ein integrert del av verksemdsstyringa på overordna nivå, men NSM erfarer at vi kan bli flinkare til å utvikle og følgje opp tiltak som er knytte til risiko. Det er derfor frå 2019 innført tiltak for tettare oppfølging av kvar enkelt leiar ved bruk av eigne leiaravtalar og oppfølgingsmøte. NSM IR er ikkje kjende med effekten av dette.

NSM IR opplever at NSM har tilpassa seg innretninga på styringsdialogen etter at Justis- og beredskapsdepartementet tok over den administrative oppfølginga av etaten. Styringsdialogen mellom NSM og departementet skal vere innretta etter kor risikofylte og vesentlege aktivitetane er.

**«Overgangen til den nye tryggingslova med forskrifter er ein avgjerande suksessfaktor som er tett knytt til alle delmåla til NSM og hovudmålet om å få færre sårbare punkt i samfunnet.»**

Intern førebyggjande tryggleik er integrert i måla våre, og risikoar blir følgde opp gjennom ordinære styringsprosessar. Beredskapsplanverket vårt er oppdatert.

**Vurdering av kvar det finst utfordringar i internkontrollen**

**Arbeidsmiljø:** NSM har tidlegare følgd opplegget for medarbeidarundersøkingar i

forsvarsektoren. I og med at NSM frå mai 2019 ligg under Justis- og beredskapsdepartementet administrativt sett, er dette ikkje lenger eit krav. NSM IR vurderer at NSM bør gjennomføre ei slik medarbeidarundersøking neste år som grunnlag for å hente inn empiri, ikkje minst på grunn av omorganiseringa og den oppdaterte strategien. NSM har eit eige avvikssystem som er knytt til HMS, og avvika blir følgde opp etter kvart som dei blir avdekte.

**IT-styring:** Eit godt kvalitativt og kvantitativt datagrunnlag er ein føresetnad for avgjerder og analyse. NSM har stort datagrunnlag, men har i større grad behov for eit effektivt system for informasjons-handtering der all informasjon er samla og kan finnast att på ein heilskapleg måte.

Digitalisering er eit satsingsområde. NSM legg vekt på ei heilskapleg tilnærming og evne til å sjå fagutvikling og systemutvikling på tvers av avdelingane. I den nye organiseringa er kommunikasjon og IT-tenester samla i ei fellesavdeling. Målet er å oppnå synergieffektar ved å sjå kommunikasjon, publiseringssløysingar, digitalisering og IT-tenester i samanheng. NSM har gjennomført ein moglegheitsstudie og har sett i gang fleire prosjekt som handlar om digitalisering og effektivisering.

**Kommunikasjon og informasjon:** Det er utfordrande at NSM er lokalisert på fleire stader. Revisjonsrapporten frå NSM IR for 2018 peikte på forbettringspunkt for intern koordinering og samhandling for å sikre samla praksis og effektiv kommunikasjons- og informasjonsdeling. NSM IR opplever at mange av desse punkta blir tekne tak i gjennom strategi- og omorganiseringprosessen.

**Standardisering av prosessar:** Det står framleis att å oppnå ei standardisering av prosessar, aktivitetar og kontrollar, spesielt i kjerneprosessane. Dette omfattar òg å få fram



avhengnadene mellom ulike arbeidsprosessar på tvers av avdelingar og beskrive ansvaret til både mottakaren og avsendaren. NSM IR ser at vektlegging av samarbeid og koordinering på tvers kjem fram i ulike prosessar, mellom anna når vi skal utarbeide rettleiingar. Innanfor kursverksemd vil det bli etablert kursråd frå 2020 for å oppnå breiare involvering av avdelingane og seksjonane i NSM, slik at vi sikrar at porteføljen til kurssenteret dekkjer formidlingsbehovet til NSM. Ansvar for felles prosessar er no tydelegare fastsett i den nye organiseringa, og i tida framover skal det innførast i praksis.

### Avdekte svake punkt, tiltak som er sette i verk, og effekten av tiltaka

Riksrevisjonen informerte i revisjonsmeldinga som blei offentleggjort 8. oktober 2019, at NSM fekk ei umodifisert melding for rekneskapsåret 2018.

EOS-utvalet gjennomfører kvart år to inspeksjonar i NSM. I inspeksjonane kontrollerer dei særleg korleis NSM behandlar saker der klarering er nekta, nedsett eller suspendert av klareringsstyresmakta, og korleis vi behandlar klager over slike saker. I årsrapporten for 2018 kjem det fram fleire kritikkverdige forhold som NSM som fagstyresmakt har eit overordna ansvar for. NSM erkjenner at det finst ein urimeleg og ikkje fagleg grunnlagt variasjon i både saksbehandlinga og avgjerdene i sakene utvalet viste til. NSM IR er kjende med at det er utvikla eit elektronisk kompetansekonsept for klareringsstyresmaktene som mellom anna omfattar handbok i vurdering av klareringssaker og eit erfaringsarkiv som er under arbeid.

### Inkludering i arbeidslivet, likestilling og tiltak mot arbeidslivskriminalitet

Når det gjeld tiltak for å førebygge arbeidslivskriminalitet så følger NSM krav i forskrift om offentlege anskaffingar del III. Dette er obligatoriske kvalifikasjonskrav som gjeld for tilbodsgivarar.


NSM har i 2019 rekruttert 44 personer til ledige stillingar. Vi har ikkje eit system for å registrere søkarar med hol i cv, men er i dialog med leverandør for å finne ei løysing. Leiarar i NSM er gjort medvetne om dugnaden for inkludering og 5-prosentkravet, noko som har resultert i at vi i 2019 har ansatt ein person som har stått utanfor arbeidslivet i fleire år grunna sjukdom i midlertidig 50 prosent stilling. I tillegg har vi gitt tilbod om fast ansetting til ein person som har hatt mange

midlertidige ansettingar, kortare og lengre vikariat hos ulike arbeidsgivarar i fleire år. Vedkommande har akseptert og er i prosess med tryggingssklarering.

NSM har slik vi ser det nådd 5-prosentmålet i 2019. Vi vil fortsette dialogen med våre rekrutterande leiarar rundt samfunnsansvaret inkluderingsdugnaden er.

**«NSM arbeider aktivt for å rekruttere kvinner til alle delar av organisasjonen. På toppleiarnivå var kvinne delen 43 prosent, på mellomleiarnivå 15 prosent.»**

**Likestillingsarbeid:** Ved utgangen av 2019 hadde NSM over 30 prosent kvinner. Kvinne delen på toppleiarnivå var på 43 prosent, og på mellomleiarnivå 15 prosent. NSM har fleire teknologisk retta avdelingar der majoriteten av søkjarmassen til ledige stillingar ofte er menn. Det vart likevel rekruttert fleire kvinner til tekniske stillingar i 2019. I avdelingar med fleire ulike kompetanseområde er rekrutteringsgrunnlaget jamnare fordelt. NSM arbeider aktivt for å rekruttere kvinner til alle delar av organisasjonen. Dette gjer vi ved å vere til stades på ei rekkje utdanningsinstitusjonar for å profilere NSM som ein attraktiv arbeidsplass for begge kjønn. Samtidig oppmodar vi kvinner om å søkje i stillingsannonsane våre. Det totale sjukefråværet i 2018 var på 5,13 prosent, fordelt på 1,85 prosent eigenmeldt og 3,27 prosent legemeldt fråvær. □







# Vurdering av framtidsutsikter

Samfunnsutviklinga går raskt og påverkar dei fleste sektorane i stor grad. Utviklinga fører til endringar i trussel- og sårbarheitsbiletet, ikkje minst på det digitale området. Trusselaktørane er svært dyktige til å utnytte nye sårbare punkt som oppstår. Dette gir sjølvforsterkande effekt, og stiller store krav til førebyggjande tryggleiksarbeid i verksemdar og i samfunnet elles.

Noreg er på alle måtar eit privilegert land. Vi har store naturressursar, ein velfungerande velferdsstat og eit innovativt samfunns- og arbeidsliv med høg grad av digitalisering. Noreg har ein økonomi og ei geografisk plassering som gjer oss til ein viktigare aktør enn den relative storleiken vår skulle tilseie. Dette gjeld både overfor nære allierte i Europa og USA og for store land som Noreg ikkje har eit tryggleikspolitisk samarbeid med. Fleire statlege trusselaktørar har stor aktivitet i Noreg. PST har spesielt peikt på Russland, Kina og Iran.

I dag ser vi ei aukande interesse i nordområda frå fleire hald. Mindre hav-is kombinert med høgare råvareprisar og ny teknologi har ført til auka skipsfart i Arktis. Nordområda blir prioriterte høgt av aktørar som Russland, Kina og USA, og regionen er venta å bli viktigare i økonomisk samanheng på grunn av ressursreservar og transport. Samtidig aukar den militære verdien av nordområda.

Dei store endringane som følgjer av digitalisering, migrasjon og framveksten av kommersielle transnasjonale aktørar, vil utfordre nasjonalstaten. Når menneske i aukande grad samlar seg i ikkje-fysiske nettverk, vil dei få større innverknad både politisk, sosialt og økonomisk. Samtidig kan statlege og ikkje-statlege aktørar påverke store, fysisk skilde grupper av menneske i mykje større grad enn tidlegare. Operasjonar i desse domena er kjenneteikna ved at dei er innretta

for å påverke meiningsdanning i folket og dermed påverke nasjonale avgjerdsprosessar og utvikling innanfor ulike samfunnssektorar. Dette er òg område der det er lettare for angripingar å nekte skuld.

På grunn av auka flyt av menneske og tenester internasjonalt ventar vi at det vil oppstå nye risikoområde. Eit slikt område som vil få meir merksemd i dei kommande åra, er risiko som er knytt til utanlandske investeringar og utanlandsk eigarskap. Vidare må vi ta tak i problematikk rundt korleis framande statar utnyttar open informasjon. Det er behov for å utarbeide mekanismar og tiltak som gjer at ein ikkje kan setje saman open informasjon på ein slik måte at det kan true tryggleiken til nasjonen.

## «Vi ser aukande risiko ved utanlandske investeringar, i avhengnader mellom sektorar og verksemdar, og i avhengnader av ekom, satellittar og kraft»

Samfunnsutviklinga er vidare prega av ein sterk auke i avhengnader mellom sektorar og verksemdar. Lange og komplekse verdikjeder, ofte på tvers av landegrensar, gjer det utfordrande å avdekkje avhengnader og redusere sårbare punkt. Den omfattande bruken av digital samankopling gjer at feil kan flytte seg gjennom verdikjeder og dessutan påverke andre verdikjeder som nyttar seg av nokre av dei same tenestene. Dei fleste verksemdar er òg heilt avhengige av kraft,





elektronisk kommunikasjon og satellittbaserte tenester. Det er viktig å setje i verk tiltak for desse avhengnadene, slik at systema kan halde fram med å vere solide.

Eit trussel- og sårbarheitsbilete som er i rask utvikling – og framveksten av nye sårbare punkt som er spesielt knytte til digitalisering – gjer at NSM heile tida må halde tritt for å kunne sikre og auke kapasiteten til å utvikle nye tryggleikstiltak. Dette gjeld tryggleikstiltak innanfor alle domene (fysisk, personell, digitalt m.m.) fordi trusselaktørar alltid søker etter det svakaste leddet. Manglande tryggleik på eitt domene kan gjere tryggleikstiltak i andre domene nyttelause.

Den rolla NSM spelar for å få fram råd, rettleiing og god informasjon til verksemder som forvaltar viktige samfunnsverdiar, er dermed heilt sentral for at vi som nasjon skal oppnå ein god tryggleikstilstand.


Då NSM etablerte Nasjonalt cybertryggleiks-senter (NCSC) i 2019, var det eit grep for å få ein betre og meir spissa dialog med andre verksemder. Denne kapasiteten vil bli vidareutvikla, og han er venta å gi stor nytteverdi ved at NCSC og representantar for sentrale digitale aktørar er samlokaliserte, og ved at det er lagt til rette for tett dialog med andre verksemder. Den tette dialogen vil gi alle partar større innsikt i utfordringar og dessutan

betre evne til å handtere digitale hendingar. Slik vil òg tiltaksutviklinga bli styrkt. NSM er i tillegg i gang med å vidareutvikle VDI-samarbeidet og potensialet gjennom Prosjekt 2950.

NSM vil framover prøve å utnytte kompetansen og rådgivingskapasiteten i næringslivet meir aktivt. Dette vil avlaste rådgivingsmiljøa i NSM og sikre at fleire verksemder får tilgang til relevant tryggleikskompetanse. Dette vil komme i tillegg til den allereie etablerte kvalitetsordninga for digital hendingshandtering. I tillegg forventar NSM eit tettare samarbeid med dei ulike nasjonale kommersielle kryptomiljøa for å heve informasjonstryggleiken.

Samtidig er NSM innforstått med at vi må rekne med stramme budsjetttrammer. Dette krev mellom anna god budsjett disiplin, strengare prioriteringar og effektiv bruk av ressursane gjennom auka bruk av digitale løysingar for å nå dei prioriterte målgruppene til NSM. Eit slikt grep er digitalisering av klareringsprosessen. Dette vil gi store samfunnsøkonomiske innsparingar for klareringsstyresmaktene og andre verksemder. Redusert tidsbruk for tryggleiks- eller tilgangsklarering er ønskjeleg for klareringsstyresmaktene og viktig for effektive tilsetjingsprosessar i verksemdene.

Informasjonsutveksling mellom tryggingstyresmakta og andre verksemder vil vere eit prioritert område framover. Dette er viktig for å sikre slik informasjonsutveksling med verksemder som er underlagde tryggingsslova, men òg som bidrag til at NSM kan utvikle eit oppdatert nasjonalt risikobilete. Det nasjonale risikobiletet vil bli oppdatert kontinuerleg, og det vil dermed vere eit sentralt verkemiddel for å prioritere ressursbruk innanfor tryggleiksarbeidet i Noreg og i NSM. Risikobiletet vil òg vere eit viktig bidrag til arbeidet med å avdekkje korleis statlege aktørar brukar hybride verkemiddel i Noreg. □





# Leiingskommentar til årsrekneskapen 2019

### Formål

Nasjonalt tryggingsorgan (NSM) er ei tverr-sektoriell fag- og tilsynsstyresmakt innanfor den førebyggjande tryggingstenesta i Noreg.

Direktoratet er nasjonal varslings- og koordineringsinstans for alvorlege dataangrep og andre hendingar innanfor IKT-tryggleik. Det administrative ansvaret for direktoratet vart i 2019 flytta frå Forsvarsdepartementet til Justis- og beredskapsdepartementet. Direktoratet er etter dette administrativt underlagt Justis- og beredskapsdepartementet og rapporterer med fagleg ansvarslinje til Forsvarsdepartementet for militær sektor og til Justis- og beredskapsdepartementet for oppgåveløysing i sivil sektor. NSM held til på Kolsås i Bærum, med kontor i Sandvika og i Oslo.

NSM er eit ordinært statleg forvaltningsorgan som fører rekneskap ut frå kontantprinsippet, slik det går fram av prinsippnoten til årsrekneskapen. Årsrekneskapen utgjer del VI i årsrapporten frå direktoratet.

### Stadfesting

Årsrekneskapen er lagd fram i samsvar med *bestemmelser om økonomistyring i staten*, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav i økonomiinstruks for forsvarssektoren. Eg meiner rekneskapen gir eit dekkjande bilete av disponible løyvingar, rekneskapsførte utgifter, inntekter, eigedelar og gjeld for direktoratet.

### Vurderingar av vesentlege forhold

I 2019 har NSM samla disponert tildelingar

på utgiftssida på 347 633 000 kroner, jf. løyvingrapporteringa og note A. Utgiftene ligg på kapittel 457 post 01. Driftsutgiftene på kapittel 457 viser meirutgifter på 49 051 705 kroner, men etter justering for meirinntekter har direktoratet ei samla mindreutgift på 16 344 166 kroner som vi søkjer om å få overført til neste år på kapittel 457 post 01 i samsvar med utrekningar i note B.


Artskontorrapporteringa viser at utbetalingar til lønn og sosiale utgifter kom på 244 964 041 kroner, mot 236 991 247 kroner i 2018. I tillegg til vanleg lønnsvekst, skuldast endringa frå 2018 auka bemanning i direktoratet. Sjå elles note 2.

Andre utbetalingar til drift utgjer 188 652 645 kroner, mot 121 025 770 kroner i 2018. Aukinga skriv seg i hovudsak frå postane husleige og andre utgifter til drift av eigedom og lokalar, og skuldast etableringa av Nasjonalt cybertryggleikssenter (NCSC) i Oslo. Etableringa har ført med seg betydelige investeringar, samt en auke i husleigeutgiftene.

Inntekter utgjer 99 800 870 kroner, mot 65 243 862 kroner i 2018. Inntektene gjeld kurs- og konferanseavgifter, brukarbetaling frå NorCERT-medlemmer og -partnarar, refusjonar frå andre verksemder og anna brukarbetaling for tenester NSM leverer. Endringa frå 2018 kan i hovudsak forklarast av at ein del investeringar knytt til etableringa av NCSC er refundert frå andre verksemder, og at NSM gjennom refusjon frå Forsvarsdepartementet har fått dekt prosjektutgifter som er ført i NSM sitt driftsrekneskap.


## Utgifter

Kroner



## Utbetalinger til drift

Kroner




Mellomværet med statskassa utgjorde 9 399 338 kroner per 31. desember 2019. Oppstillinga av artskontorrapporteringa viser kva eigedelar og gjeld som inngår i mellomværet. I tillegg til det rapporterte mellomværet har direktoratet kundefordringar på 3 232 129 kroner. Dette er fakturaer som er sende ut i 2019, men ikkje betalte, og som derfor ikkje kjem fram som inntekt i årsrekneskapen. Sjå elles opplysningar om avrekning med statskassen i note 5.

#### Tilleggsopplysningar

Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfestar årsrekneskapen for NSM. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per dags dato, men revisjonsmeldinga vil truleg vere klar i løpet av andre kvartal 2020. Meldinga vil bli publisert på nettsidene til direktoratet.

Kolsås, 14. februar 2020

**Kjetil Nilsen**  
direktør



#### FAKTA

# 99 800 870

Inntekter utgjør 99 800 870 kroner, mot 65 243 862 kroner i 2018.



## Prinsippnote til årsrekneskapen

Årsrekneskapar for statlege verksemder er utarbeidde og leverte etter nærare retningsliner som er fastsette i føresegnene om økonomistyring i staten («føresegnene»), fastsette 12. desember 2003 med endringar seinast 5. november 2015. Årsrekneskapen er utarbeidd i samsvar med krav i punkt 3.4.1 i føresegnene, nærmare føresegnene i rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og eventuelle tilleggskrav som er fastsette av eige departement.

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingsrapporteringa og ein nedre del som viser beholdningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Oppstillinga av artskontorapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og ein nedre del som viser grupper av kontoar som inngår i mellomvære med statskassen.

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa og artskontorapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i punkt 3.4.2 i føresegnene – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- a) Rekneskapen følgjer kalenderåret.
- b) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- c) Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med bruttobeløp.
- d) Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.

Oppstillingane av løyvings- og artskontorapportering er utarbeidde etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa står i samsvar med krav i punkt 3.5 i føresegnene om korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løyvingsrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

Alle statlege verksemder er knytte til den statlege konsernkontoordninga i Noregs Bank i samsvar med krav i pkt. 3.7.1 i føresegnene. Ordinære forvaltningsorgan (bruttobudsjetterte verksemder) blir ikkje tilførte likviditet gjennom året. Saldoen på kvar enkelt oppgjerskonto blir nullstilt ved overgangen til nytt år.

### Løyvingsrapporteringa

Løyvingsrapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen. Rekneskapen blir stilt opp etter dei kapitla og postane i løyvingsrekneskapen verksemda har fullmakt til å disponere. Oppstillinga viser alle finansielle egedelar og forpliktingar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen til staten. Kolonnen «Samla tildeling» viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar kombinasjon av kapittel og post.

Mottekne fullmakter til å belaste kombinasjonen av kapittel/post hos ei anna verksemd (belastningsfullmakter) blir ikkje viste i kolonnen for samla tildeling, men er omtalte i note B til løyvingsoppstillinga. Utgiftene knytte til mottekne løyvingsfullmakter er bokførte og rapporterte til statsrekneskapen og blir viste i kolonnen for rekneskap.

### Artskontorapporteringa

Artskontorapporteringa viser rekneskapstala verksemda har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Verksemda har ein trekkrett for disponible tildelingar på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane skal ikkje inntektsførast og kjem derfor ikkje fram som inntekt i oppstillinga.

Note 5 til artskontorapporteringa viser forskjellar mellom avrekning med statskassen og mellomvære med statskassen. □





An aerial, black and white photograph of a city, likely Oslo, Norway. The city is densely packed with buildings of various heights and styles. In the background, a large body of water, possibly a fjord or bay, is visible, with several islands and smaller boats scattered across it. The sky is clear and light-colored. The text 'Løyvings- og artskontorrapportering med notar' is overlaid in the center of the image in a large, white, sans-serif font.

# Løyvings- og artskontorrapportering med notar

## Oppstilling av løyvingrapportering, 31.12.2019

| Utgiftskapittel        | Kapittelnamn                                    | Post | Posttekst                               | Note | Samla tildeling | Rekneskap 2019 | Meirutgift (-)<br>og mindreutgift |
|------------------------|---|------|---|------|-----------------|----------------|-----------------------------------|
| 0457                   | Nasjonalt tryggingsorgan                        | 01   | Driftsutgifter                          | A, B | 347 633 000     | 396 684 705    | -49 051 705                       |
| 1760                   | Forsvarsdepartementet<br>(belastningsfullmakt)  | 01   | Driftsutgifter                          | B    |                 | 10 364 469     |                                   |
| 1760                   | Forsvarsdepartementet<br>(belastningsfullmakt)  | 45   | Større utstyrsinnkjøp<br>og vedlikehold | B    |                 | 26 569 460     |                                   |
| 1633                   | Nettoordning, statleg betalt<br>meirverdiavgift | 01   | Driftsutgifter                          |      |                 | 20 817 695     |                                   |
| <i>Sum utgiftsført</i> |   |      |   |      | 347 633 000     | 454 436 329    |                                   |

| Inntektskapittel        | Kapittelnamn              | Post | Posttekst          | Note | Samla tildeling | Rekneskap 2019 | Meirinntekt og<br>mindreinntekt (-) |
|-------------------------|---------------------------|------|--------------------|------|-----------------|----------------|-------------------------------------|
| 3457                    | Nasjonalt tryggingsorgan  | 01   | Driftsinntekter    | A, B | 34 395 000      | 99 790 870     | 65 395 870                          |
| 5700                    | Inntekter til folketrygda | 72   | Arbeidsgivaravgift |      |                 | 30 116 323     |                                     |
| <i>Sum inntektsført</i> |                           |      |                    |      | 34 395 000      | 129 907 193    |                                     |

**Netto rapportert til løyvingrekneskapen****324 529 135****Kapitalkontoar**

|                       |   |  |  |  |  |              |  |
|-----------------------|---|--|--|--|--|--------------|--|
| 600862                | Noregs Bank KK / innbetalingar          |  |  |  |  | 107 646 154  |  |
| 600862                | Noregs Bank KK / utbetalingar           |  |  |  |  | -431 752 201 |  |
| 717051                | Endring i mellomvære med<br>statskassen |  |  |  |  | -423 088     |  |
| <b>Sum rapportert</b> |   |  |  |  |  | <b>0</b>     |  |

**Behaldningar som er rapporterte til kapitalrekneskapen (31.12.)**

| Konto  | Tekst                      | 2019       | 2018       | Endring  |
|--------|----------------------------|------------|------------|----------|
| 717051 | Mellomvære med statskassen | -9 399 338 | -8 976 250 | -423 088 |

**NOTE A** Forklaring av samla tildeling, utgifter

| Kapittel og post | Overført frå i fjor | Tildelingar i år | Samla tildeling |
|------------------|---------------------|------------------|-----------------|
| 045701           | 5 186 000           | 342 447 000      | 347 633 000     |
| 345701           |                     | -34 395 000      | -34 395 000     |

**NOTE B** Forklaring til brukte fullmakter og utrekning av mogleg overførbart beløp til neste år

| Kapittel og post  | Stikkord | Meir-<br>utgift (-) /<br>mindreutgift | Utgiftsført av<br>andre ut frå<br>gitte belastings-<br>fullmakter | Meirutgift (-)<br>/ mindreutgift<br>etter gitte<br>belastings-<br>fullmakter | Meir-/mindre-<br>inntekter (-) i<br>samsvar med<br>meirinntekts-<br>fullmakt | Omdisponering<br>frå post 01 til<br>45 eller til post<br>01/21 frå løyv-<br>ing for neste år | Inn-<br>sparingar | Sum<br>grunnlag<br>for over-<br>føring | Maks<br>over-<br>førbart<br>beløp* | Mogleg<br>overførbart<br>beløp rekna<br>ut av verk-<br>semnda |
|-------------------|----------|---------------------------------------|---|--|--|--|-------------------|--|------------------------------------|---|
| 045701/<br>345701 |          | -49 051 705                           |   | -49 051 705  | 65 395 870   |  |                   | 16 344 166                             | 17 122 350                         | 16 344 166  |

\*Maksimalt beløp som kan overførast, er 5 prosent av løyvinga i år på driftspostane 01–29, unntatte post 24, eller summen av løyvinga for dei siste to åra for postar med stikkordet «kan overførast». Sjå årleg rundskriv R-2 for meir detaljert informasjon om overføring av ubrukte løyvingar.

**Forklaring til bruk av budsjettfullmakter****Mottatte belastningsfullmakter**

NSM har fra Forsvarsdepartementet mottatt en belastningsfullmakt for utgifter knyttet til godkjenning av skjermingsverdige informasjonssystemer på 4 762 000 kroner på kapittel/post 176001. Samlet forbruk utgjør 4 343 033 kroner, dvs. et mindreforbruk på 419 966 kroner.

NSM har fra Forsvarsdepartementet mottatt en belastningsfullmakt for utgifter knyttet til FoU på 1 786 000 kroner på kapittel/post 176001 og 27 445 000 kroner på kapittel/post 176045. Forbruket på kapittel/post 176001 utgjør 6 021 435 kroner, dvs. et merforbruk på 4 235 435 kroner. Forbruket på kapittel/post 176045 utgjør 26 569 460 kroner, dvs. et mindreforbruk på 875 540 kroner. Samlet merforbruk utgjør 3 359 895 kroner. Merforbruket dekkes av overførte midler fra 2018 på 4 603 000 kroner, slik at det reelt sett er et samlet mindreforbruk innen FoU på 1 243 105 kroner i 2019.

**Fullmakt til å overskride driftsbevilgninger mot tilsvarende merinntekter**

NSM er gitt fullmakt til å overskride driftsbevilgninger mot tilsvarende merinntekter.

**Mulig overførbart beløp**

NSMs ubrukte bevilgning på kapittel/post 045701/345701 beløper seg til 16 344 166 kroner. Da dette beløpet er over grensen på 5 % regnes 15 661 900 kroner som mulig overføring til neste budsjettår.

## Oppstilling av artskontorrapporteringa, 31.12.2019

|  | Note | 2019               | 2018               |
|--|------|--------------------|--------------------|
| <b>Driftsinntekter som er rapporterte til løyvingerekneskapen</b>                  |      |                    |                    |
| Innbetalinger frå gebyr  |      |                    |                    |
| Innbetalinger frå tilskot og overføringar  | 1    | 14 358 282         | 6 895 000          |
| Sals- og leigeinnbetalingar  | 1    | 85 442 588         | 58 348 862         |
| Andre innbetalingar  |      |                    |                    |
| <i>Sum innbetalingar frå drift</i>   |      | 99 800 870         | 65 243 862         |
| <b>Driftsutgifter som er rapporterte til løyvingerekneskapen</b>                   |      |                    |                    |
| Utbetalingar til lønn  | 2    | 244 964 041        | 236 991 247        |
| Andre utbetalingar til drift   | 3    | 188 652 645        | 121 025 770        |
| <i>Sum utbetalingar til drift</i>  |      | 433 616 686        | 358 017 017        |
| <b>Netto rapporterte driftsutgifter</b>  |      | <b>333 815 816</b> | <b>292 773 155</b> |
| <b>Investerings- og finansinntekter som er rapporterte til løyvingerekneskapen</b> |      |                    |                    |
| Innbetaling av finansinntekter   |      |                    |                    |
| <i>Sum investerings- og finansinntekter</i>  |      | 0                  | 0                  |
| <b>Investerings- og finansutgifter som er rapporterte til løyvingerekneskapen</b>  |      |                    |                    |
| Utbetaling til investeringar   |      |                    |                    |
| Utbetaling til kjøp av aksjar  |      |                    |                    |
| Utbetaling av finansutgifter   | 4    | 11 948             | 231 337            |
| <i>Sum investerings- og finansutgifter</i>   |      | 11 948             | 231 337            |
| <b>Netto rapporterte investerings- og finansutgifter</b>                           |      | <b>11 948</b>      | <b>231 337</b>     |
| <b>Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten</b>                       |      |                    |                    |
| Innbetaling av skattar, avgifter, gebyr m.m.                                       |      |                    |                    |
| <i>Sum innkrevjingsforvaltning og andre overføringar til staten</i>                |      | 0                  | 0                  |
| <b>Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten</b>                        |      |                    |                    |
| Utbetalingar av tilskot og stønader  |      |                    |                    |
| <i>Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten</i>                    |      | 0                  | 0                  |
| <b>Inntekter og utgifter som er rapporterte på felleskapittel *</b>                |      |                    |                    |
| Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)                          |      |                    |                    |
| Arbeidsgivaravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)                            |      | 30 116 323         | 29 092 084         |
| Nettoføringsordning for mva. konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)                   |      | 20 817 695         | 16 707 962         |
| <i>Netto rapporterte utgifter på felleskapittel</i>                                |      | -9 298 628         | -12 384 122        |
| <b>Netto rapportert til løyvingerekneskapen</b>                                    |      | <b>324 529 135</b> | <b>280 620 370</b> |

**Oversikt over mellomvære med statskassen \*\***

| <b>Eigedelar og gjeld</b>                           | <b>2019</b> | <b>2018</b>       |
|---|-------------|-------------------|
| Fordringar  |             | 18 724            |
| Kasse   |             |                   |
| Bankkontoar med statlege midlar utanfor Noregs Bank |             |                   |
| Skuldig skattetrekk                                 | -9 399 338  | -8 994 974        |
| Skuldige offentlege avgifter                        |             |                   |
| Anna gjeld  |             |                   |
| <b>Sum mellomvære med statskassen</b>               | <b>5</b>    | <b>-8 976 250</b> |

\* Andre ev. inntekter/utgifter som er rapporterte på felleskapittel, er spesifiserte på eigne linjer ved behov.

\*\* Spesifiser og legg til linjer ved behov.

**NOTE 1** Innbetalinger frå drift

|  | <b>31.12.2019</b> | <b>31.12.2018</b> |
|--|-------------------|-------------------|
| <b>Innbetalinger frå tilskot og overføringar</b>     |                   |                   |
| Næringslivstilskot, NorCERT-funksjonen               | 7 152 500         | 6 895 000         |
| <i>Sum innbetalinger frå tilskot og overføringar</i> | 7 152 500         | 6 895 000         |
| <b>Sals- og leigeinnbetalinger</b>                   |                   |                   |
| Brukarbetaling                                       | 14 691 120        | 12 251 479        |
| Konferanseinntekter                                  | 5 500 497         | 3 775 056         |
| Vidarefakturering, reiseutgifter                     | 701 442           | 1 486 155         |
| Vidarefakturering, lønnsutgifter                     | 1 737 340         | 988 237           |
| Andre inntekter                                      | 70 017 972        | 39 847 936        |
| <i>Sum sals- og leigeinnbetalinger</i>               | 92 648 370        | 58 348 863        |
| <b>Sum innbetalinger frå drift</b>                   | <b>99 800 870</b> | <b>65 243 863</b> |

Avvik i forhold til artskontorapportering er på grunn av konto inntekt på Norcert har blitt benyttet til annet formål på fakturering. Denne inntekten er i oppstillingen over på salgs- og leieinntekter.

**NOTE 2** Utbetalinger til lønn

|                                     | <b>31.12.2019</b>  | <b>31.12.2018</b>  |
|-------------------------------------|--------------------|--------------------|
| Lønn                                | 196 466 082        | 189 678 763        |
| Arbeidsgivaravgift                  | 30 116 323         | 29 092 084         |
| Pensjonsutgifter*                   | 22 218 530         | 20 717 195         |
| Sjukepengar og andre refusjonar (-) | -5 488 367         | -4 247 809         |
| Andre ytingar                       | 1 651 473          | 1 751 014          |
| <b>Sum utbetalinger til lønn</b>    | <b>244 964 041</b> | <b>236 991 247</b> |
| <b>Tal årsverk:</b>                 | <b>276</b>         | <b>271</b>         |

**\* Nærmare om pensjonsutgifter:**

Frå og med 1. januar 2017 betaler verksemda pensjonspremie til SPK. For 2018 er arbeidsgivardelen av pensjonspremien på 12 prosent.

**NOTE 3** Andre utbetalinger til drift

|  | 31.12.2019         | 31.12.2018         |
|--|--------------------|--------------------|
| Husleige   | 28 142 969         | 16 706 169         |
| Andre utgifter til drift av egedom og lokale       | 40 028 780         | 9 468 930          |
| Reparasjon og vedlikehold av maskiner, utstyr m.m. | 114 866            | 153 990            |
| Mindre utstyrsinnkjøp                              | 28 098 355         | 30 359 798         |
| Leige av maskiner, inventar og liknande            | 22 120 236         | 13 932 246         |
| Kjøp av framande tenester                          | 38 883 363         | 30 141 109         |
| Reiser og diett                                    | 8 148 496          | 8 184 720          |
| Andre driftsutgifter                               | 23 115 579         | 12 078 808         |
| <b>Sum andre utbetalinger til drift</b>            | <b>188 652 645</b> | <b>121 025 770</b> |

**NOTE 4** Finansinntekter og finansutgifter

|   | 31.12.2019    | 31.12.2018     |
|---|---------------|----------------|
| <b>Innbetaling av finansinntekter</b>     |               |                |
| Renteinntekter                            |               |                |
| Valutagevinst                             |               |                |
| Anna finansinntekt                        |               |                |
| <b>Sum innbetaling av finansinntekter</b> | <b>0</b>      | <b>0</b>       |
| <b>Utbetaling av finansutgifter</b>       |               |                |
| Renteutgifter                             | 11 948        | 231 229        |
| Valutatap                                 | 108           | 108            |
| Anna finansutgift                         |               |                |
| <b>Sum utbetaling av finansutgifter</b>   | <b>11 948</b> | <b>231 337</b> |

**NOTE 5** Samanheng mellom avrekning med statskassen og mellomvære med statskassen

Del A Forskjellen mellom avrekning med statskassen og mellomvære med statskassen

|                                    | 31.12.2019   | 31.12.2019   |                  |
|------------------------------------|--|--|------------------|
|                                    | Spesifisering av <u>bokført</u><br>avrekning med statskassen | Spesifisering av <u>rapportert</u><br>mellomvære med statskassen | Forskjell        |
| <b>Finansielle anleggsmidler</b>   |  |  |                  |
| Investeringar i aksjar og partar   |  |  | 0                |
| Obligasjonar                       |  |  | 0                |
| <i>Sum</i>                         | 0  | 0  | 0                |
| <b>Omløpsmidlar</b>                |  |  |                  |
| Kundefordringar                    | 3 232 129  |  | 3 232 129        |
| Andre fordringar                   |  |  | 0                |
| Bankinnskot, kontantar og liknande |  |  | 0                |
| <i>Sum</i>                         | 3 232 129  | 0  | 4 620 415        |
| <b>Langsiktig gjeld</b>            |  |  |                  |
| Anna langsiktig gjeld              |  |  | 0                |
| <i>Sum</i>                         | 0  | 0  | 0                |
| <b>Kortsiktig gjeld</b>            |  |  |                  |
| Leverandørgjeld                    |  |  | 0                |
| Skuldig skattetrekk                | -9 399 338   | -9 399 338   | 0                |
| Skuldige offentlege avgifter       |  |  | 0                |
| Anna kortsiktig gjeld              |  |  | 0                |
| <i>Sum</i>                         | -9 399 338   | -9 399 338   | 0                |
| <b>Sum</b>                         | <b>-6 167 209</b>  | <b>-9 399 338</b>  | <b>3 232 129</b> |



**Design:** Redink  
**Manus:** NSM  
**Foto:** Tobias Tambs,  
Unsplash, iStockphoto

# NASJONALT TRYGGINGSORGAN

Postboks 814, 1306 Sandvika

Tlf. 67 86 40 00

[post@nsm.no](mailto:post@nsm.no)

[www.nsm.no](http://www.nsm.no)

